

Forfattaromtale

Egil Grude: f. 1944 er frå Klepp og bur på Bryne. Han var fylkeskultursjef i Rogaland 2001 – 2009. Før dette var han Fylkeskonservator i Rogaland, leiar for Stavanger maritime museum, arkivar og ein periode konstituert statsarkivar ved Statsarkivet i Stavanger. Gude er cand. philol. med historie hovedfag frå Universitetet i Oslo 1972.

Han har i ei årrekke vore knytt til historiestudiet ved Universitetet i Stavanger og har publisert ei lang rekke artiklar og bøker m.a. Egersunds historie fram til 1880 og Stavanger havns historie og er medarbeidar i den nyleg utkomne Hå kulturhistorie band 3.

Grude har hatt styreverv i organisasjonar regionalt og nasjonalt. Han er medstiftar og styreleiar i Jæren Senioruniversitet. Grude er engasjert i fleire prosjekt, særleg innan maritim og administrativ historie.

Atle Skarsten: f. 1962, busett i Tananger. Jobbar som flyger i SAS. Har fleire verv i komitear, stiftingar, lag og foreiningar med fokus på lokalthistorie. Var ein av initiativtakarane ved stifting av Tanangers minne og Hafrsfjordvikingene. Han skriv historiske artiklar i aviser og tidsskrift og har gitt ut bøkene "Solabuen i Amerika", "10 år med Fokker-50 i SAS commuter", "Solas eldste historie", "Blod og tårer. Historien om sovjetiske krigsfanger og sivile tvangsarbeidere i Rogaland 1941 - 1945", barneboka "Rottongane og gullskatten" og "Tyske vinger over Sola og Forus". For tida arbeider han

med en bok om Sjøleik, ei skøyte som dro til Aberdeen i 1941, og skjebnen til alle ombord, dessutan ei bok om sjøfolka frå Sola under krigen og ein biografi om de to krigsheltane Max Manus og Asbjørn Sunde saman med Frode Skarstein.

Eirik Aarebrot: f. 1965, frå Stavanger. Trafikkflygerutdanning ved North American Institute of Aviation 1990 – 1991 og Cand. scient, Det Kongelige danske Kunstkademi, Konservatorskolen 2006. Har arbeiddd som konservator ved Norsk Folkemuseum og NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning), og frå 1996 til 2013 som konservator ved Arkeologisk Museum, Universitetet i Stavanger / Senter for Konserveringssamarbeid i Rogaland. Frå 2014 arbeider han i Samlingsteam Rogaland, eit mobilt samlingsforvaltningsteam som arbeider for alle regionmusea i Rogaland. Medlem av styringsgruppa for Heinkel 115 prosjektet ved Flyhistorisk museum Sola / Jærmuseet.

Roar Henriksen: f. 1951, frå Nærbø, bur på Lye. Pensjonert politioverbetjent. Aktivt medlem i Flyhistorisk Museum Sola frå stiftingsåret 1984. Styreformann i foreininga Flyhistorisk Museum Sola, frå 1985 til 1989, og styremedlem i fleire periodar fram til hausten 2013. Aktiv i restaureringsarbeidet på dei fleste av museet sine fly, m.a. prosjektleiar på Arado Ar 96. Arbeider no